

Referat senterråd 18.11.20

Stad: Digitalt (Zoom)

Til stades:

Ingrid M. Løkken – rådsmedlem vit.sk. tilsett, Unni V. Midthassel – rådsmedlem vit.sk. tilsett, Torunn Helene Fredriksen – rådsmedlem tekn.adm. tilsett, Peder Haug – rådsmedlem leiar ekstern, Marianne Haas – vara rådsmedlem ekstern, Maren Stabel Tvedt – rådsmedlem stipendiat/student, Lars H. Bjelland – kontorsjef avd. Porsgrunn, Dag Jostein Nordaker – senterleiar, Solveig Roth - avd.leiar Porsgrunn, Ingar Lee – kontorsjef avd. Stavanger, Sigrun Ertesvåg – rådsmedlem vit.sk. tilsett/FoU-leiar, Hege C. N. Barker vara rådsmedlem tekn.adm.tilsett (på delar av møtet.)

Forfall:

Kjersti B. Larsen – rådsmedlem ekstern, Anita Rosengren – vara rådsmedlem ekstern (pga. tekniske utfordringar). Elsa Westergård – utdanningsleiar, Lene Vestad -vara rådsmedlem stipendiat/student

Sakliste

8/20 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste (referat godkjend pr. mail tidlegare)

Innkalling og sakliste vart godkjend.

9/20 Informasjon om senteret si verksemd

Senterleiar hadde gjennomgang av ein presentasjon som informerte om status innan:

- Organisasjon og ressursar
- Oppdragsverksemd og samfunnskontakt
- FoU
- Utdanning
- Kommunikasjon og formidling

10/20 Spekter

Det vart vist til nye moment i saka. Ikkje minst at det har kome ei høyring frå KD som er relevant, samt vedtak i Personvernemnda. I tillegg har det kome ein fagfelleurdert artikkel i forebygging.no som omtalar vidaregåande skule sine elevar si oppleving av å delta i Spekter-undersøkinga. Sjå fylgjande linkar for dette:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing7/id2781248/>

<https://www.personvernemnda.no/pvn-2020-13>

<http://www.forebygging.no/Artikler/2020/Elevers-opplevelse-av-a-delta-i-en-ikke-anonym-undersokelse-om-laringsmiljo-og-mobbing/>

11/20 Status økonomi (rekneskap 2020 og budsjett 2021)

Lars viste til saksframlegget og gjennomgang i møtet. Det er framleis noko uvisst kva som skjer med mindreforbruket knytt til basistildelinga. Rådsleiar opplever økonomien som god og at det er ei forsvarleg drift, samt oppfattar det som fornuftig at senteret framleis har som målsetnad å verte større for å få auka kapasitet.

12/20 Strategiplan Læringsmiljøsentret

Senterleiar hadde ein gjennomgang og synte til prosessen som har vore, samt kor langt ein no er komen. I møtet vart det lagt opp til gruppediskusjonar kring fire oppsette framtidige scenario, som rådet hadde høve til å kommentere. Sams for alle tidlegare tilbakemeldingar på dei ulike modellane frå dei tilsette si side, var at dei signaliserte eit ynskje om at senteret si verksemd skal auke når det gjeld omfang og kapasitet.

Senterleiar tek med seg innspel frå møtet i den vidare prosessen.

13/20 Eventuelt

Det var ingen saker under eventuelt.

Neste møte er allereie sett til 22. april 2021, kl. 12.00 – 15.00.

Stavanger 18.11.20

*Ingar Lee
Referent*